

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **22. mai 2017** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiging av nestleiar Jørn Hansen.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Jørn Hansen (Uavh.) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Lars Øyvind Alvestad (Ap) og varamedlem Zuzanna Ufnal (Ap) (kort varsel)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE:	Kommunalsjef forvaltning Solrunn Alvestad
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 6/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 15.02.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 15.02.17 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 15.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 7/17 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Sekretær viste til at slik erklæring skal leggjast fram kvart år. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 8/17 ÅRSREKNESKAPEN 2016 - KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2016 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Kommunalsjefen gjorde greie for rekneskapstala. Overskotet blei på 5,2 mill. kr, som skyldast at kommunen fekk inn meir i overføringar, mellom anna frå refusjon »tunge brukarar», moms og sjukefråver. Det blei pluss på 2 mill. kr i auka eigedomsskatt. Det hadde generelt vore eit gode resultat for dei fleste kommunane på Haugalandet og på landsbasis. Av store investeringar viste ho til at fleirbrukshallen blei slutført i 2016. På spørsmål orienterte ho om at arbeidet med dei nye omsorgsbustadene vil starte opp seinare i år, etter at anbod er sendt ut og val av leverandørar er gjort.

Oppdragsansvarleg revisor hadde gjeve rein revisjonsmelding, men hadde kome med nokre kommentarar i brev til leiinga. Revisjonsrapporten peika på at investeringsrekneskapen stemmer dårleg med budsjettet, og anleggsregisteret må oppdaterast. Dette var tatt opp tidlegare år, utan at det var retta, og ho framheva at det var viktig å ha realisisitiske budsjett.

Utvalet slutta seg til framlegg til uttale, og støtta framlegget om at utvalet ønskte ei tilbakemelding på merknadene til hausten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Bokn kontrollutval vedtek slik uttale til kommunerekneskapen for 2016:

Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 5.235.503.

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 5,2 mill. kr, som utgjer 5,2 % av driftsinntektene. Det er klart betre resultatet enn i fjor, og godt over Teknisk Berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin egen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2016 meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2016 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2016.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet på siste møtet i 2016 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

SAK 9/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.05.17

11. Statusrapport pr. mai 2017
12. Status for forvaltningsrevisjonsrapportarbeidet mai 2017
13. Komm.styrevedtak 07.03.17, sak 10/17 – kontrollutvalet si årsmelding 2016
14. Karmsund Havn IKS – møte i hamnerådet 23.03.17
15. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 24.04.17
16. Interkommunalt Arkiv Rogland IKS - representantskapsmøte 26.04.17
17. Haugaland Vekst IKS – representantskapsmøte 28.04.16
18. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
19. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 24.05.17
20. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Sekretær gjorde greie referatsakene. Forvaltningsrevisor hadde gjeve tilbakemelding at dei hadde mottatt dokumentasjon og dei skulle nå avtale tidspunkt for intervju i juni. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Referatsakene 11 - 20 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Ny kommunalsjef

Kommunalsjef Ingunn Toft har no sine siste dagar i Bokn kommune, då ho hadde fått stilling som helse- og sosialsjef i Sveio. Det blei opplyst at det var elleve søkarar til kommunalsjefstillinga. Stillinga vil no ikkje omfatte ansvar for skule, då det skulefaglege vil bli ivaretatt av Karmøy kommune.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **6. september** kl. 17.00.

Bokn, 22. mai 2017

Jørn Hansen
nestleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)